

EI ORIENTERING OM LOVER OG RETTIGHETER RUNDT BARNETS HELSEJOURNAL



Dokumentasjon og innsynsrett

Alle tilsette i helsestasjons- og skulehelsetenesta har etter lov plikt til å føre journal. I journalen skal helsepersonell nedfelle helseopplysningar som dei ut frå ei fagleg vurdering finn nødvendig og hensiktsmessig å dokumentere. Journalen skal bidra til at brukaren får ei fagleg forsvarleg oppfølging. Dei føresette, eller brukaren sjøkv, har som hovudregel rett til innsyn og/eller utskrift av alle opplysningar som omtalar brukaren. Helserettsleg myndigheitsalder er 16 år.

Overføring av journal ved flytting

Når eit barn flyttar, er hovudregelen at journal skal overførast til ny helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette skal sikre ei fagleg forsvarleg oppfølging. Dei som har spørsmål i samband med oversending av journal, kan ta dette opp med helsesjukepleiar på helsestasjonen.

Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK

Alle vaksinar barn får gjennom barnevaksinasjonsprogrammet, blir registrert i SYSVAK. Føremålet med SYSVAK er å halde oversikt over vaksinasjonsstatus hos den enkelte, og å følge med på vaksinasjonsdekninga på landsbasis. Det er ikkje mogleg å reservere seg mot registrering av vaksinar. Ved hemmeleg adresse nyttar ein eigne ordningar.

Mine vaksiner på nettsida <https://helsenorge.no/vaksiner/mine-vaksiner> gir deg oversikt over kva vaksinar du har tatt, samt vaksinasjonsstatus for dine barn under 16 år. Du kan også skrive ut vaksinasjonskort på norsk og engelsk.